

FORBRUKARUTVALET

I SOGN OG FJORDANE

Forbrukarpolitikk i fokus

Forbrukarutvalet er eit fast utval oppretta av fylkestinget i medhald av kommunelova § 10. Forbrukarutvalet har som arbeidsområde dei forbrukarspørsmål som vedrører innbyggjarane i Sogn og Fjordane fylke. Utvalet har fem medlemmer og fem varamedlemmer.

To av medlemmene skal veljast blant fylkestinget sine medlemmer. Valet gjeld for den fylkeskommunale valperioden. Forbrukarrådets regionkontor for Hordaland og Sogn og Fjordane er sekretariat for utvalet.



Oppgåver

- Forbrukarutvalet skal arbeide til beste for forbrukarane i fylket i samarbeid med private og offentlege organ.
- Utvalet skal søkje å finne fram til område der det er behov for forbrukartiltak av ulike art, og kome med forslag til korleis oppgåvene kan løysast. Utvalet skal gjere arbeidet sitt kjent i fylket.
- Utvalet har høve til å gi fråsegn til fylkesplanen og evt andre planar som berører utvalet sitt arbeidsområde.



ILLUSTRASJONSFOTO

ÅRSMELDING
2010

ÅRSMELDING 2010 FOR FORBRUKARUTVALET I SOGN OG FJORDANE

NOKRE AV SAKENE SOM ER BEHANDLA AV FORBRUKARUTVALET I 2010

Utjamning av nettleiga

Forbrukarutvalet har ved fleire høve etterlyst fortgang i arbeidet med utjamning av nettleiga. M.a. uttrykte utvalet støtte til brevet frå Samarbeidande kraftfylke (Troms, Nordland, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest-Agder, Aust-Agder, Telemark, Buskerud, Oppland og Hedmark) til Olje- og energidepartementet. Brevet ga uttrykk for kraftlaga sitt syn på ei rettferdig fordeling av nettkostnadene. Etter Forbrukarutvalet sitt syn må vi få ein nasjonal tariff for nettleige.

Ekspressbussprosjekt

Samferdsleekspert Idar Mo hadde på utvalet sin konferanse om kollektivtransport hausten 2009 eit tankevekkende foredrag om miljøvennlige transportsystem. Sommaren 2010 lanserte han eit forslag til ekspressbussprosjekt Florø-Førde-Sogndal-Oslo med 10 avgangar i døgnet til ein billettpris på 150 kr. Det er nye og kortare vegsystem mellom Hallingdal og Oslo som opnar for reduksjon av køyretida mellom Sogndal og Oslo med nesten 2 timar; frå 7 timar til litt over 5 timar. Idar Mo foreslår at framlegget hans vert fremja som eit prøveprosjekt. Forbrukarutvalet fann prosjektet svært interessant og støttar forslaget om prøveprosjekt.

Manglande mobildekning

Fleire oppslag i media om manglande mobildekning i område av fylket, var bakgrunn for at utvalet tok opp saka. Utvalet meinte det måtte vere dekningsplikt og vedtok ei støtteerklæring til områda i vårt fylke som mangla mobildekning. Statsråd Liv Signe Navarsete kom raskt på banen og lova eit statleg løft for å sikre mobildekning i heile landet. Dette

ville kreve ei investering på rundt 3 milliardar kroner.

Det er i dag 200 stader i Norge som framleis er utan mobildekning.

Ny ordning for pasienttransport

Hausten 2009 overtok helseforetaka pasientreiseoppgåvene frå NAV. Frå 1. desember var det slutt med å oppsøke NAV for å få tilbakebetalt reiseutgifter. Den nye ordninga betydde at reiserekningsskjema måtte fyllast ut og sendast til Pasientreiser Helse Førde. Pasientreiser Helse Førde omfattar alle fastbuande i Sogn og Fjordane og dekkjer primærhelstene, sjukehus og spesialisttenester. Om lag 100 millionar kroner vart utbetalt for pasientreiser i vårt fylke i 2009. Forbrukarutvalet fekk mange reaksjonar frå pasientar som klaga på skjemaveldet, m.a. i brev frå Eldrerådet i fylket. Utvalet kalla difor inn representantar frå Pasientreiser til eit møte for å diskutere saka. Sistnemnde sa dei var merksame på problemet, men meinte at dette ikkje var spesielt for pasientreiser, men var meir eit generelt problem. Frå begge hald vart det framheva at Forbrukarutvalet har ei viktig rolle når det gjeld å formidle brukarproblem til både etatar og politiske styresmakter. Det vart elles påpeika at kommunane og service-torga har ei viktig oppgåve når det gjeld informasjon og hjelp til pasientane.

Miljøvennleg transport og samordning av rutetilbod

"Lat bilen stå – reis kollektivt" er eit busstilbod til pendlarar på strekninga Leikanger – Sogndal. Forbrukarutvalet meinte at dette var eit flott tilbod som ved aktiv bruk vil gi ein stor miljøgevinst. Dersom rutetilbodet vert forlenga ut til ferjeleiet Hella, kan tilbodet gjevast også til kommunane Balestrand og Vik.



Høyringsuttale om krav til finansnæringa

Finanskrisa med etterfølgjande tillitskrise til næringa var bakgrunnen for at dei europeiske forbrukarorganisasjonane vedtok ein deklarasjon med krav om finansiell tryggleik for alle forbrukarar. Forbrukarutvalet fekk tilsendt saka frå Forbrukarrådet sentralt som ønskte høyringsinstansane sitt syn på deklarasjonen. Høyringsvara ville bli brukt i Forbrukarrådets vidare arbeid for å sikre ein trygg og velfungerande finansmarknad.

Merking av matvarer

Matvaretryggleik og matvaremerking er viktige stikkord i forbrukarpoli-

tikken. Maten skal vere trygg og forbrukarane skal ha krav på å vite kva maten inneheld og kor den er produsert. Forbrukarutvalet etterlyser eit strengare regelverk for merking av mat og matvarer. Merkinga må vidare vere enkel og lett skjønneleg for forbrukarane.

Budsjett

Forbrukarutvalet har i 2010 hatt same budsjett som dei siste åra; kr 240.000. Av dette gjekk kr 100.000 til Forbrukarrådet i Bergen som betaling for sekretariatsfunksjonen. Godgjersla tilsvarar lønsutgifter til ¼ sakshandsamarstilling.

MEDLEMER OG VAREMEDLEMER I UTVALET

Leiar	Ragnar Andenæs	6823 Sandane
Nestleiar	Björg Bergheim	6843 Skei i Jølster
Medlem	Marit Aafedt Fjærestad	6893 Vik i Sogn
Medlem	Audun Hammerseth	6900 Florø
Medlem	Edith Aarebrot Madsen	6900 Florø

Varamedlem	Signe Nordvik	6900 Florø
Varamedlem	Johan Vadøy	6730 Davik
Varamedlem	Rita Navarsete	6856 Sogndal
Varamedlem	Ole Gunnar Krakhellen	5163 Laksevåg
Varamedlem	Karianne Torvanger	6900 Florø

FORBRUKARUTVALET OG VEDTEKTENE

I følgje vedtektene har Forbrukarutvalet som arbeidsområde dei forbrukarspørsmål som vedrører innbyggjarane i Sogn og Fjordane fylke. Om oppgåvene seier vedtektene at

- Forbrukarutvalet skal arbeide til beste for forbrukarane i fylket i samarbeid med private og offentlege organ.
- Utvalet skal søkje å finne fram til område der det er behov for forbrukartiltak av ulik art, og kome med forslag til korleis oppgåvene kan løysast. Utvalet skal gjere arbeidet sitt kjent i fylket.
- Utvalet har høve til å gi fråsegn til fylkesplanen og eventuelt andre planar som berører utvalet sitt arbeidsområde.
- Utvalet skal utarbeide årsmelding om verksemda si.

MØTE OG ANDRE AKTIVITETAR

Forbrukarutvalet har i 2010 hatt 5 ordinære møte:
29. januar i Bergen.
26. mai i Bergen.
16.-17. september i Smørhamn.
22. oktober i Førde.
25.-26. november i Bergen.

Andre møte:

I tiknytning til utvalsmøtet i Bergen 26. mai hadde utvalet eit møte med direktør i Forbrukarrådet, Randi Flesland. Det vart utveksla synspunkt på samarbeidsformer og samarbeid om aktuelle saker. Begge partar var samde om at møtet var svært nyttig og positivt.


MEDLEMMER



Ragnar Andenæs
leiar
Arbeidarpartiet
Gloppen
Mobil: 957 39 129
E-post: ragnar.andenes@etrygg.no



Bjørg Berghheim
nestleiar
Senterpartiet
Jølster
Mobil: 970 68 232
E-post: bj-be4@online.no



Har du tips til saker Forbrukarutvalet bør ta opp – ta kontakt !



Marit Aafedt Fjærestad
Senterpartiet
Vik
Mobil: 905 09 481
E-post: maritaafedt@yahoo.no



Edith Aarebrot Madsen
Høgre
Flora
Mobil: 915 99 896
E-post: edith.aarebrot.madsen@sfi.no



Audun Hammerseth
Framstegspartiet
Flora
Mobil: 481 02 529
E-post: audun@flora.frp.no

Varamedlemer

- 1 Signe Nordvik 6900 Florø
- 2 Johan Vadøy 6730 Davik
- 3 Rita Navarsete 6856 Sogndal
- 4 Ole Gunnar Krakhellen 5163 Laksevåg
- 5 Karianne Torvanger 6900 Florø



Sekretariat

Forbrukarrådet i Bergen har sekretariatsfunksjonen for forbrukarutvalet. Rådgjevar Gunnar Stensrud er sekretær.

Kontaktinformasjon:

Postadresse: Forbrukarutvalet i Sogn og Fjordane, c/o Forbrukarrådet i Bergen, Postboks 4594 Nydalen, 0404 Oslo
Besøksadresse: Valkendorfs gate 6, 5012 Bergen
Telefon sekretær: 55 90 71 57
E-post sekretær: gunnar.stensrud@forbrukerradet.no
Forbrukarrådets heimeside: www.forbrukerportalen.no



FORBRUKERRÅDET